


Kvam Herad

# KARTLEGGING OG VERDSETTING AV FRILUFTSLIVSOMRÅDE 2016-2017

Rapport

11. desember 2017



Bilde 1 Idylliske Sandvenholmen utanfor Norheimsund Sentrum

# Innhald

1. Bakgrunn .....	2
2. Føremål med kartlegginga.....	3
3. Gjennomføring av prosjektet .....	5
4. Resultat.....	6
5. Brukarmedverking .....	7
6. Merknader.....	8
Vedlegg.....	9

## 1. Bakgrunn

Kvam Herad har i samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) gjennomført prosjektet kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i perioden 2016-2017.

Regjeringa har som målsetting at flest mogleg av Noregs kommunar skal ha kartlagd og verdsett sine viktigaste areal for friluftsliv innan 2018. Prosjektet er mellom anna nemnt i «Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv», «Nasjonal handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friluftsområder», og Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025. For å få flest mogleg til å kome seg ut og bruke naturen er det naudsynt med god informasjon om friluftsliv i kommunen. Gjennomføring av kartleggingsprosjektet systematiserer informasjon om eksisterande område nyttta til friluftslivsføremål og tiltak som er sett i verk, i tillegg til forslag til forbeteringar som kan auke bruken av områda.

Eit solid kunnskapsgrunnlag er viktig for at friluftsliv skal kunne vere ein føreseieleg og tydeleg faktor i all samfunns- og arealplanlegging, og i eit aktivitets- og folkehelseperspektiv. I dag manglar det ofte eit tilstrekkeleg og heilskapleg kunnskapsgrunnlag for å vurdere verdien av ulike friluftslivsområde, noko som kan resultere i at viktige friluftslivsområde vert bygd ned eller ikkje vert teke godt nok vare på. Eit samla oversyn over alt areal nyttta til friluftsliv vil vere eit føremon i arbeidet med å søke statlege midlar til sikring og tilrettelegging av friluftsområde, og frå 2018 vurderer staten å innføre dette som eit krav.

Kvam Herad søkte i 2016 Hordaland fylkeskommune om midlar til å gjennomføre ei slik kartlegging. Søknaden vart godkjent og kommunen fekk i 2016 tildelt kr. 90.000 til å starte opp prosjektet (75 %

---

*Eit solid kunnskapsgrunnlag er viktig for at friluftsliv skal kunne vere ein føreseieleg og tydeleg faktor i all samfunns- og arealplanlegging, og i eit aktivitets- og folkehelseperspektiv.*

---

utbetalt ved oppstart, resterande 25% blir utbetalt ved ferdigstilling).

Kommunen inngjekk ein avtale med BOF i november 2016 om at dei skulle ha ansvar for prosjekteiing.

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde følgjer Miljødirektoratet sin rettleiar, M98-2013.



Bilde 2: Solnedgang og utsikt mot Geitafjell

Det er viktig å merke seg at **kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde er ei temakartlegging, ikkje ein juridisk bindande plan.**

## 2. Føremål med kartlegginga

Målet med kartlegginga er å få oversikt over og klargjere areal for friluftsliv i kommunen.

Registreringane som vert gjort gir kartbasert dokumentasjon som viser kvar dei viktigaste friluftslivsområda i Kvam Herad er og kva aktivitetar dei vert nytta til. Det overordna målet for arbeidet er at alle innbyggjarane skal ha moglegheit til å drive friluftsliv i nærmiljøet og i naturen elles. Det er viktig å ivareta eit breitt spekter av område med forskjellige kvalitetar som gir befolkninga høve til å utøve friluftsliv ut frå eigne preferansar.

*Det er viktig å ivareta eit breitt spekter av område med forskjellige kvalitetar som gir befolkninga høve til å utøve friluftsliv ut frå eigne preferansar.*

Gjennom verdsetting og prioritering av areal for friluftsliv i kommunen vert det sikra god tilgang på relevant informasjon om friluftslivet både for kommunen og eksterne partar. Dette kan mellom anna



Bilde 3 og 4; "Diktsau" langs stien på veg opp til Haukås; sauar av aluminium med ulike strofer av eit dikt av Jon Fosse.

danne grunnlaget for turkart, avvegning av ulike interesser i plan- og sikringsarbeid, sakshandsaming og generelt utviklingsarbeid innan friluftsliv. Det er viktig å presisere at kartleggingsresultatet ikkje gir juridiske føringar, men berre er ei registrering av faktiske forhold. Kommunen sitt seinare

planarbeid gjennom mellom anna kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar vil avklare framtidig bruk av områda gjennom ein politisk prosess og medverking i samsvar med plan- og bygningslova.



Bilde 5: Sykkeltur i flotte Steinskvansdalen



Bilde 6: Regnvêrsdag på Nessteinen, men flott tur og utsikt like fult!

Idrettsplassar, ballbingar og opparbeida leikeplassar med tydeleg avgrensing, som ikkje har eit grønt hovudpreg, vert ikkje registrert i denne kartlegginga med mindre dei inngår i eit større friluftslivsområde eller er naudsynte for bruken av områda.

Det har vore eit mål at områdeavgrensinga skal vere så nøyaktig som mogleg, men i nokre tilfelle vert plasseringa av grensene omtrentleg. Dette gjeld særleg dei områda kvar grensene går innanfor eit større grønt område, eller område på sjø. Dei reelle grensene mellom friluftsområde og andre område flyt meir over i kvarandre enn det som kjem fram av kartet.

Avgrensinga av områda må tolkast som retningsgivande og difor må grensene til dei kartlagde friluftslivsområda verte vurdert i kvart einskild tilfelle. Dei registrerte områda må verte sett på som eit område der ein må vurdere korleis eventuelle nye tiltak påverkar eller vert påverka av utøving av friluftsliv.



Bilde 7: Vintertur og solnedgang frå Torefjell

**Resultat:**

- Ein kortfatta rapport med kart
- Kartfiler til kommunen (kan leggast inn som eit temakart i kommunen si digitale kartløysing)
- Kartfiler i SOSIformat til Naturbase.no, samt Excel-skjema med tilhøyrande informasjon om dei registrerte områda

### 3. Gjennomføring av prosjektet

**Prosjekteiger:**

Kvam Herad

**Arbeidsgruppe:**

Marianne Jetmundsen- BOF

**Prosjektleiar:**

Marianne Jetmundsen - BOF

Reidun Braut Kjosås- Folkehelserådgjevar

Jon Nedkvitne- Samfunns- og utviklingssjef

I tillegg vart det invitert inn ulike personar med god lokalkunnskap frå ulike delar av kommunen i dei tilfella der arbeidsgruppa mangla informasjon om område (**sjå punkt 5. Brukarmedverking**).

**Mandat for arbeidsgruppa:**

Gjennomføring av sjølve kartlegginga. Dette tyder å vurdere relevant informasjon og grunnlagsmateriale, kartfeste areal nytt til friluftslivsføremål, i tillegg til å skildre dei ulike områda og gjennomføre verdsetting etter metodikk i DN-handbok M98-2013. Dette arbeidet har vorte gjort i arbeidsgruppemøte (sjå møteplan i tabell 1). Kortfatta rapport er skrive av prosjektleiar.

**Tabell 1:** Møteplan for arbeidsgruppa i Kvam Herad

DATO	AGENDA
09. juni 2016	Introduksjonsmøte og etablering av arbeidsgruppe
22. august 2016	Oppstartmøte med arbeidsgruppa og gjennomgang av metodikk
15. september 2016	Kartlegging og verdsetting- arbeidsmøte
05. oktober 2016	Kartlegging og verdsetting- arbeidsmøte
17. november 2016	Folkemøte
14. februar 2017	Kartlegging og verdsetting- arbeidsmøte
16. mars 2017	Kartlegging og verdsetting- arbeidsmøte
09. mai 2017	Kartlegging og verdsetting- arbeidsmøte
27. juni 2017	Kartlegging og verdsetting- arbeidsmøte
24. august 2017	Kartlegging og verdsetting- arbeidsmøte

## 4. Resultat

Arbeidsgruppa har gjennomført 10 møte der totalt **103 aktuelle område er kartlagd, skildra og verdsett** i ein eigenskapstabell. Resultatet av kartlegginga skulle digitaliserast i samsvar med gjeldande standard for kartlagde friluftslivsområde og importerast til nasjonal database hos Miljødirektoratet. Brukarar kan sjå karta med tilhøyrande eigenskapar via internett på [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) eller i kommunen sitt kartverktøy.

Verdsetting av områda er gjort ved hjelp av eit sett verdikriteria der ulike kriterium vert vekta frå 1 til 5. Når alle dei relevante kriteria for eit område er vurdert vert det med utgangspunkt i desse fastsett ein verdikategori frå A til D for det aktuelle området (sjå tabell 2). Alle kriteria må ikkje nyttast for alle områda. Nokre av dei eigner seg best på små område i tettstader, mens andre eigner seg best på større friluftslivsområde. Når ein vurderer resultatet må ein være merksam på at skalaen ikkje nødvendigvis går frå «dårleg» til «bra». Til dømes kan det at eit område ikkje er tilrettelagt vere negativt for nokre, mens andre ser det som positivt å oppsøke eit område utan tilrettelegging. Difor har det vore viktig i arbeidet å lage tilhøyrande områdeskildringar som skal virke utfyllande og forklarande for verdsettinga.


Følgjande verdisettingskriterium vart nyta: ***Brukarfrekvens, regionale og nasjonale brukarar, opplevingskvalitetar, symbolverdi, funksjon, eignaheit, tilrettelegging, kunnskapsverdiar, lydmiljø, inngrep, utstrekning, tilgjenge og potensiell bruk.***

**Tabell 2:** Resultat av kartlegginga i Kvam herad. Tal på område er inndelt etter verdi.

VERDI	TAL PÅ OMRÅDE	KRITERIE (berre eitt av desse må vere oppfylt)
A-Svært viktig friluftslivsområde	28	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Verdi 5 eller 4 på brukarfrekvens og/eller regionale og nasjonale brukarar</li> <li>• Verdi 5 på opplevingskvalitetar, symbolverdi, funksjon, eignaheit eller tilrettelegging.</li> <li>• Ein generelt høg poengsum.</li> </ul>
B-Viktig friluftslivsområde	40	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Verdi 3 på brukarfrekvens og/eller regionale og nasjonale brukarar</li> <li>• Verdi 3 eller 4 på opplevingskvalitetar, symbolverdi, funksjon, eignaheit eller tilrettelegging.</li> <li>• Ein generelt middels poengsum.</li> </ul>
C-Registrert friluftslivsområde	35	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Verdi 2 eller 1 på brukarfrekvens, regionale/nasjonale brukarar, opplevingskvalitetar, symbolverdi, funksjon, eignaheit eller tilrettelegging</li> <li>• Ein generelt låg poengsum.</li> </ul>
D- Ikkje klassifisert	0	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Område som ikkje vert verdsett som A, B eller C.</li> </ul>

## 5. Brukarmedverking

I Kvam herad har det vore mykje fokus på brukarmedverking. Gjennom arbeidet har gruppa regelmessig invitert inn ulike ressurspersonar frå ulike plassar, med særskilt god kunnskap om friluftsliv i sine delar av kommunen. Ved slike møter har ressurspersonane gitt innspel til nye område, samt endringar til område (både avgrensing, verdiar og skildringar) arbeidsgruppa allereie hadde registrert. Dette har vore ein svært effektivt og god måte å få innspel og for å få ein korrekt kartlegging. Det blei òg oppretta ein sak på kommunens heimesider slik at befolkninga kunne komme med innspel. Det blei arrangert eit folkemøte i starten av prosjektet, den 17. november 2016.



Alle innspel blei gjennomgått av prosjektleiar som føretok naudsynt korrektur av kart og eigenskapstabell i samarbeid med arbeidsgruppa. **På ein slik måte fekk ein innspel frå fleire grupper av befolkninga, som har gjort kartlegginga av friluftslivsområde i Kvam herad svært detaljert og med stor variasjon.** Dette var til stor hjelp for arbeidsgruppa.

*Bilde 8: Kartutsnitt over Norheimsund og Øystese frå temakartet. Dei grøne områda er registrert som friluftslivsområde- både store og små område er registrert!*

## 6. Merknader

Denne kartlegginga viser i stor grad kva som er dei viktigaste friluftslivsområda i kommunen. Dette kan vere eit nyttig verktøy, men ein må vere merksam på svakheiter ved kartlegginga. Det gjeld mellom anna:

- Kartlegginga er subjektiv. Sjølv om arbeidsgruppa har vore representert med folk med ulik bakgrunn så vil verdsettinga alltid vere subjektiv. Dette har vert forsøkt minimert ved å arrangere ope møte og legge registreringane ut på nett for å gi innbyggjarane i kommunen høve til å kome med innspel på arbeidet som har vert gjort.
- Det er viktig å oppdatera kartlegginga etter kvart som nye planar blir vedtatt. Arealfordelinga er stadig i endring, og ein utbygging av eit område kan gje eit friluftslivsområde ein heilt anna bruk, verdi og/eller avgrensing. Det er anbefalt å ha ein rulling av prosjektet kvart 2. eller 4. år i lag med kommunedelplanar, eller fortløpande med andre arealplansaker.
- Avgrensinga av områda er grov. Det er ikkje alltid klare skilje mellom kva som er innanfor og utanfor eit friluftslivsområde. Karta må difor sjåast som rettleiande. Tiltak i eller i nærleiken av områda må vurderast i kvar einskild sak.

Arbeidsgruppa anbefaler difor at vidare bruk av kartlegginga bør leggje vekt på skildringa av det aktuelle området. Områdeskildringane har som føremål å gi leseren ei djupare forståing av korleis området ser ut, kva aktivitetar som vert utført der, eventuelle kulturhistoriske, landskapsmessige eller biologiske særpreg ved området, eksisterande tilretteleggingstiltak og mogleg forbetringspotensiale.

## Vedlegg

- Kart i PDF-format
- Excel-skjema

